



GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	saksnr
FELLESRÅDET	Okt. 2014	13 - 2014

Avgjerd av: Saksbehandlar: Kurt Djupvik	Objekt: Arkiv:	Arkivsaknr.:
--	-------------------	--------------

SAK 13

– 2014

Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille.

Høyringsuttale frå Gloppen kyrkjelege felleusråd.

Til

Kulturdepartementet

HØYRINGSUTTALE FRÅ GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD om Staten og Den norske kirke – et tydelig skille.

Gloppen kyrkjelege felleusråd takkar for tilsendt høyringsnotatet, men vi synest høyringsfristen er kort, og vi har ikkje fått drøfta saksinnhaldet godt nok.

Vi merkar oss at Høyringsnotatet følger opp tidlegare politiske vedtak og Kyrkjemøtevedtak om eit tydeleg skilje mellom stat og kyrkje, og at det skal skje i høgt tempo, men likevel skrittvis. Vi gler oss over at statsråden understrekar at folkekyrkja ikkje skal svekkast ved eit slikt tydeleg skilje, men at det er den same kyrkja som skal vidareførast og kunne vere ei folkekyrkje for alle. Då er det viktig at Den norske kyrkje kan få så gode rammevilkår at kyrkja kan få den rekrutteringa som trengst for at ho kan vere ei kyrkje som kan nå ut til alle både i by og bygd.

Med dette som grunnlag vil vi kommentere nokre punkt:

1. Vi seier oss samde i at Den norske kyrkja vert eit eige nasjonalt rettssubjekt med sjølvstendig rettsleg handleevne. Det er naturleg, som departementet foreslår, at det er Kyrkjemøtet som opptre på vegne av det nye rettssubjektet, med opning for å delegere mynde til kyrkja sine nasjonale og regionale organ (t.d. bispemøtet, bispedømeråda, biskopane, prostane). Kyrkjerådet vil då vere det utøvande organet for rettssubjektet Kyrkjemøtet og ha ein slags styringsfunksjon.

Det er òg viktig for oss å understreke det høyringsnotatet seier om at sokna framleis skal vere grunneininga i Den norske kyrkja, sjølvstendige rettssubjekt og vere arbeidsgjevar for sine tilsette, ha sjølvstendig økonomi og vere uløyselig knytt til Den norske kyrkja. Med andre ord: Sokna sitt rettslege sjølvstende må ikkje verte svekka på kostnad av eit nasjonalt rettssubjekt. Vi vil understreke at vi ikkje ynskjer ei topptung kyrkje, for det er på grunnplanet, i møte med folket, kyrkja skal vere nær!

Med tilvising til det som er nemnt om sjølvstende og finansiering av sokna/felleusråda legg høyringsnotatet/lovendingane ikkje opp til å oppfylle Kyrkjemøtet sitt ynskje om ei felles arbeidsgjevarline for alle kyrkjeleg tilsette. Konsekvensen av lovendingane vil vere at det framleis er to arbeidsgjevarar: Den norske kyrkja (som eige rettssubjekt) og det einskilde

sokneråd/fellesråd. Dersom ein legg til grunn at dette er noko som Kyrkja sjølv må finne løysingar på gjennom endringar av organisasjonsstrukturen vil det etter vårt syn vere feil å lovfeste bispedømerådet som eige organ då dette vil vere avgrensande i høve til kva strukturendringar Kyrkja seinare kan gjennomføre.

Arbeidsgjevarlinja må vere den same for alle som arbeider / er tilsette i kyrkja, med berre ein arbeidsgjevar.

Organisasjonsstrukturen i Den norske kyrkja må forenklast. Det må vere eit klårt skilje mellom dei folkevalde organa og dei tilsette sine organ.

KA (Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon) må verte eit reint folkevald organisasjon med folkevalde i sine styringsorgan.

2. Når Den norske kyrkje har fått sitt sjølvstende som rettssubjekt, kan ein legge opp til ei verksemdoverdraging frå stat til Den norske kyrkja. Vi støttar at staten sitt arbeidsgjevaransvar for sine kyrkjelege tilsette (biskopar, prestane, tilsette ved Kyrkjeråd og bispedømeråd) vert overført til Den norske kyrkja, og at Den norske kyrkja bør førast inn under den alminnelege arbeidsrettslege lovgjevinga med eit tillegg om ein særskild regulert tilgang til å klage ved disiplinærvedtak (jfr. Ny klagenemnd). Vi støttar og framlegget om at Kyrkjemøtet skal kunne gje mynde til ein arbeidsgjevarorganisasjon til å opptre på sine vegne. Jfr framlegg til Kyrkjelova §24: *Kirkemøtet kan gi en arbeidsgiverorganisasjon fullmakt til å inngå og si opp tariffavtale, samt gi eller motta kollektiv arbeidsoppsigelse på Den norske kirkes vegne.*

3. Fellesrådet vil sterkt støtte at det vert teke inn i Kyrkjelova §2 *Hvert sokn skal være betjent av prest...* Då får ein slå fast at Den norske kyrkje skal vere ei landsdekkande kyrkje med presteteneste over heile landet,- også i dei grisgrendte strøka! Det bør understrekast at det skal kunne haldast gudstenester i kvart sokn, kyrkjemedlemmer skal ha tilgang til kyrkjelege handlingar , sjelesorg og trusopplæring slik at §1:Lovens formål kan oppfyllast: *Formålet med loven er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.* Då bør det minst vere gudsteneste 2.kvar søndag/helgedag i kvart sokn!

4.Fellesrådet vil og støtte Høyringsnotatet sitt framlegg om at det er i kyrkja og samfunnet si interesse at prestane tek vare på sine oppgåve på eit tilnærma uavhengig grunnlag, men forplikta på ordinasjonen og med eit personleg ansvar (jfr. ein viss likskap med helseføretakslova).Vi støttar framlegget om at dette vert teke inn i Kyrkjelova §34: *All prestetjeneste skal reguleres slik at prestene kan uttøve sin teneste i samsvar med ordinasjonens forutsetninger og forpliktelser.*

5. Vi støttar framlegget om ei uavhengig klagenemnd med høg juridisk og teologisk kompetanse oppnemnd for 4 år av Kyrkjemøte, for å ivareta høve til å klage på vedtak gjort i Kyrkjeråd og i disiplinærsaker. Nytt framlegg til KL § 27 er dekkande og nyttig for kyrkja!

6. Når det gjeld finansieringa av Den norske kyrkja i framtida, er vi glade for at det framleis vert ei ansvarsdeling mellom stateleg og kommunalt. Vi har merka oss at staten har ca. 1/3 og kommunen ca. 2/3 av utgiftene til Den norske kyrkja. Utfordringa vert å få kommunane til framleis å sjå sitt ansvar for den lokale kyrkja ut frå §15 i kyrkjelova. At departementet difor foreslår at departementet ikkje vil gje frå seg mynde til å gje reglar om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon for sokneråda og fellesråda,

for slik å få fram informasjonen om at §15 verkar etter Stortinget sin intensjon, trur vi er nødvendig. Men vi trur at endå sterkare verkemiddel trengst då vi ser at den lokale kyrkja ofte vert taparen i budsjettkampen. Øyremerking eller tydlegare føringar for kva som bør gå til den lokale kyrkja ved statlege overføringar til kommunen er nødvendige.

At tilskotet frå staten vert eit rammetilskot, er fornuftig. Framlegg til ny § 22 om statens økonomiske ansvar, er vi glade for at det er opning også for andre kyrkjelege formål enn tilskota til prestetenesta og verksemda på det regionale og nasjonale plan. Men diverre ligg prestedekninga pr. 1000 innbyggjarar/medlem langt under både den Svenske og Danske kyrkja på tross av dei mykje større geografiske avstandane vi har i Noreg. Dette bør rettast opp seinast ved overføringa!

7. Når det gjeld Opplysningsvesenets fond (OVF) ville det vere naturleg å få avklara kven har eigarskapet i samband med skiljet. Frå vårt synspunkt må det vere eit kyrkjeleg eigarskap. Men når Høyringsnotatet legg opp til at skal OVF overførast til ei sjølvstendig kyrkja, så vert det ikkje berre som eigenkapital, men det kan få konsekvensar både for staten sitt tilskot til kyrkja og kommunane sitt ansvar i §15. Formålet for OVF vil truleg vere det same anten kyrkja sjølv eller Departementet forvaltar det.

OVF må få ei sterkare lokal tilknytning med eit kontaktorgan (person) i kvart fellesråd.

8. Høyringsnotatet viser at det er mange justeringar og endringar som trengst ved ei verksemdoverdraging frå stat til ei sjølvstendig kyrkje. Viktig er det at arbeidstakarane kjenner seg ivaretekne i denne prosessen, og at dei ikkje må kome dårlegare ut med kyrkja som arbeidsgjevar. Dette har å gjere med rekrutteringa til kyrkjelege stillingar. Difor vonar vi at staten gjer sitt til å gje kyrkja den økonomiske plattformen som kyrkja treng for å oppfylle kyrkjelova sitt føremål: *legge til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i Den norske kyrkja!*

Bispedømerådet er eit overtungt organ med ein overtung administrasjon, og må i si noverande form leggjast ned. I eit nytt landsdelsråd må det knytast sterkare band mellom dei folkevalde i sokna og prostiet og det nye rådet. Dei lokale råda skal ha uttaleret i saker som vedkjem sitt område. Vala til landsdelsråda kan vere utsendingsvald frå kvart prosti.

KYRKJA VÅR ER EI FOLKEKYRKJE OG MÅ STYRAST AV FOLKET !

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeverja sitt framlegg til høyringsuttale vart samrøystes vedteke. Uttalen vert å sende Kulturdepartementet.